

Saksbehandlar: Aksel Hugo, Sogn Jord- og Hagebruksskule  
Sak nr.: 18/770-5

## Stifting av Sinjarheim samvirkeføretak

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune vert medstiftar av Sinjarheim samvirkeføretak.

#### **Vedlegg:**

Utkast til vedtekter for Sinjarheim SA

#### **Andre relevante dokument i saka:**

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Sinjarheim i Aurlandsdalen har sidan tidleg på 1990-talet vore ein viktig undervisningsarena for Sogn jord- og hagebruksskule (SJH). Elevane har om somrane lært om mjølkning og tradisjonell ysting av geitost på Sinjarheim. Pleie av kulturlandskap har også vore viktig. Gjennom Fortidsminneforeininga og mykje godt dugnadsarbeid har det også vore jobba med restaurering av bygningane på garden.

SJH har hovudsakleg hatt munnlege avtalar med grunneigaren, Inge Olai Sønnerheim, kring bruken av Sinjarheim til desse sommarkursa. I 2017 vart SJH frå Sinjarheimfondet spurt om å søkje om midlar frå Fortidsminneforeininga og Kulturminnefondet knytt til opprusting og restaurering av Sinjarheim. I den samanhengen var det eit klårt ønskje frå Fortidsminneforeininga at det kom på plass meir formelle og langsiktige avtalar kring bruken av Sinjarheim.

Hausten 2016 vart eit arbeid med å få til ein langsiktig bruksmodell sett i gang gjennom Sinjarheimfondet, der grunneigar Inge Olai Sønnerheim, Even Hov frå SJH og Jon Tamnes frå Fortidsminneforeininga har vore styremedlemer. Dette fondet starta verksemda si 25.07.03. Eit resultat av arbeidet til fondet er forslag til stifting av Sinjarheim samvirkeføretak (SA).

Føretaket er føreslege stifta av tre medlemer; grunneigaren, Sogn og Fjordane fylkeskommune ved SJH og Fortidsminneforeininga.

Sinjarheim SA er, som det står i innleiinga til utkastet til vedtekter, meint å vere:

*«... ei vidareføring og formalisering av samarbeidet som starta kring tiltaket Sinjarheimsfondet ... mellom eigar av Sinjarheim (Gnr 21 Bnr 1), Sogn- Jord og Hagebruksskule og Fortidsminneforeiningen.»*

Oppgåvene til det planlagte samvirkeføretaket er at både bygningane og kulturlandskapet ikkje berre vert haldne i hevd, men óg aktivt nytta med sesongbasert verksemd knytt til stølsdrift, pleie

av kulturlandskap, kursverksemd og lokalt vertskap, jf. utkastet til vedtekter § 2. Dette er årsaka til at stiftarane har lagt opp til organisasjonsforma samvirkeføretak, og ikkje foreining. Eit samvirkeføretak er ei samanslutning som har som hovudføremål å fremje dei økonomiske interessene til medlemene, og der ingen av medlemene har personleg ansvar for forpliktingane til samanslutninga, jf. samvirkelova § 1, nr. 2.

Det er fylkesutvalet som er rett organ i fylkeskommunen til å ta stilling til om fylkeskommunen skal vere medlem (eigar) i Sinjarheim SA, jf. delegerings- og innstillingsreglement kap. 4.5.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

For SJH har Sinjarheim lenge vore ein viktig undervisningsarena, der elevane får kjennskap til tradisjonell stølsdrift og ysting. Stølsdrift, geologi, naturhistorie og kulturlandskapet i Aurlandsdalen er ei unik arena som skulen også i framtida ynskjer å ha eit nært forhold til.

Å sikre at skulen kan ha ei langsiktig og tydeleg rolle i bruk av Sinjarheim som arena, vil ha stor verdi både for framtidige elevar og for skulen som lokal samfunnsaktør. Den modellen som ligg føre i Sinjarheim SA, sikrar ein slik framtidig arena for skulen. Modellen som er tilrådd gjer at SJH kan halde fram å nytte denne undervisningsarenaen i framtida, og at skulen kan bidra til å utvide aktivitetane og bruken knytt til denne fjellgarden.

Samstundes inneber medlemskapen i Sinjarheim SA ingen økonomiske forpliktingar for fylkeskommunen. Som nemnd over, heftar ikkje medlemene (eigarane) i eit samvirkeføretak for føretaket sine plikter. Medlemene har vidare ingen økonomiske plikter i samband med stiftinga av føretaket, jf. utkastet til vedtekter § 11.

## **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at Sogn og Fjordane fylkeskommune, ved Sogn jord- og hagebruksskule, vert medstiftar av Sinjarheim SA, jf. utkastet til vedtekter.